

3. GEBYR FOR HANDSAMING OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG

Heimel: Lov av 13 mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 52a, Forskrift av 01 juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 11-4

Vedtak:

3.1 **Ramme for gebyrtekning**

- Samla gebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine naudsynte kostnader for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg, men kan avreknast over ein 4-års periode.
- Alle prisar skal det leggest til meirverdiavgift (mva.).

3.2 **Sakshandsamingsgebyr**

Sakshandsamingsgebyr skal betalast i form av eit eingongsgebyr ved handsaming av søknad om utsleppsløyve, endring/omgjering av utsleppsløyve eller ved melding etter lokal forskrift, jf. tabell 1.

Tabell 1. Gebyr utsleppsløyve	Søknad om utsleppsløyve etter kap. 12 *	Søknad om utsleppsløyve etter kap. 13 **
a. Søknad om utsleppsløyve	4331	8661
b. Mindre endring av utsleppsløyve	1624	2707
c. Melding etter lokal forskrift		

*Viser til forureiningsforskrifta. Kapittel 12 gjeld for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader, turistverksemder og liknande verksemd med utslepp mindre enn 50 pe. For verksemd som berre slepp ut gråvatn, gjeld dette kapittel berre dersom det er innlagt vatn.

** Viser til forureiningsforskrifta. Kapittel 13 gjeld for utslepp av kommunalt avløpsvann fra tettbygd område med samlet utslepp mindre enn 2000 pe til ferskvann, mindre enn 2000 pe til elvemunning eller mindre enn 10.000 pe til sjø. Kapittel 13 gjeld ikkje for utslepp av sanitært avløpsvatn frå avløpsanlegg med utslepp mindre enn 50 pe.

Større endring/omgjering av utsleppsløyve følgjer same satsar som for søknad om utsleppsløyve.

3.3 **Tilsyn- og kontrollgebyr (årsgebyr)**

Betaling av tilsyn- og kontrollgebyr gjeld for alle avløpsanlegg som vert omfatta av forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg

Sak om gebyr for tilsyn og kontroll vil verte fremja som eiga sak i 1. halvår av 2025. Gebyrsatsar vil ta til å gjelde frå den dato dei vert fastsette.